

## Gjeldande vedtekter for SFO i Lom kommune. Gjeldande frå 01.08.2023

(Vedteke i kommunestyret 20.06.2023)

### 1. Målsetting

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og tilsynstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn i 1.-4. kl. og for barn med særskilte behov i 1.-7.kl. Innhaldet og verksemda skal vere prega av barna sitt behov for lek, tilsyn, kulturaktivitetar og sosial læring.

### 2. Tilbod

Loar skule har tilbod om SFO.

### 3. Opningstider

I tillegg til ordinære skuledagar, held SFO ope på planleggingsdagar, i haustferien, vinterferien, **ut** juni etter skuleslutt og frå 01.08 før skulestart. SFO er stengt i jule- og påskeferiar.

Opningstida er 0700-1630.

Det er to tilbod: inntil 15 timar og over 15 timar. SFO kan i tillegg ta inn barn for enkelttimar/dagar. SFO har ein planleggingsdag i året.

### 4. Betaling

Kommunestyret fastset betalingssatsane i samband med budsjetthandsaminga kvart år.

Foreldrebetalinga blir innkravd kvar månad i samsvar med den tid eleven er påmeldt.

Betaling blir kravd for 10,5 månader. Manglande foreldrebetaling i 2 månader vil kunne føre til at eleven mister plassen.

Frå 1. august 2023 er det fritak for foreldrebetaling for 12 timar SFO per veke for elevar i 1. og 2. trinn.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2023-05-26-752>

### 5. Ansvar

Rektor Loar skule har leiaransvar og opptaksmynde.

Assistent med dagleg ansvar skal så langt råd vere barne- og ungdomsarbeidar.

### 6. Bemanning

Rettleiande delingstal for bemanning er 14. I tillegg kan det vere behov for ekstrahjelp til barn med spesielle behov. Dette må vurderast for kvar enkelt tilfelle, ut frå barnet sitt behov og økonomiske rammer.

### 7. Inntak

Hovudinntaket av barn skjer i vårhalvåret. Inntak elles i skuleåret kan skje i den grad dei økonomiske rammene tillet det.

### 8. Endring og oppseiing

Fram til 1.mai er det høve til å seie opp SFO-plassen. Oppseiingstida er to månader rekna frå fyrste heile månad.

Ved endringar i opphaldstidene skal foreldra få minst ein månads varsel.

Endring i opphaldstid skal skje skriftleg.